



## Seljord kommune

NVE - Konesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Att.: Laila Høivik

### MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref:  
201306917-11

Vår ref  
2016/1592-11

Sakshand:  
Torunn Räftevold Rue,  
torunn.rue@seljord.kommune.no

Arkivkode:  
M11

Dato:  
22.12.2016

### Melding om vedtak - NVE - Høyring - Regulering av Seljordsvatnet - Sundsarmreguleringen

Her følger særutskrift av kommunestyret si sak nr. 105/16 – høyringsuttale – regulering av Seljordsvatnet og Sundsbarmreguleringa.

Med helsing

Torunn Räftevold Rue  
Natur- og Miljørådgevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*



**Seljord kommune**

Arkiv: M11  
 Saksnr.: 2016/1592-8  
 Sakshand.: Torunn Raffevold Rue  
 Direkte tlf.:  
 Dato: 24.11.2016

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval	71/16	30.11.2016
Kommunestyret	105/16	15.12.2016

## NVE - Høyring - Regulering av Seljordsvatnet - Sundsbarmreguleringen

Vedlegg:

- 1 NINA-rapport 1233 Kunnskapsstatus og forslag til ferksvannsøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark

### Saksdokument:

Høyringsdokument – Sundsbarmreguleringa  
 Oversiktskart: Sundsbarm kraftverk  
 Regulering av Seljordsvatnet i Bø og Seljord kommunar – revisjonsdokument 2016

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn til saka:

NVE har i brev av 24.09.2015 vedteke at vilkåra for Sundsbarmreguleringa (Flatdal-, Morgedal- og Dalaåi/Oftevassdraga) og reguleringa av Seljordsvatnet skal reviderast.

Sundsbarm kraftverk DA og Bø kommune har på bakgrunn av krav frå kommunane og føringar frå NVE, utarbeidd to revisjonsdokument som m.a. skildrar reguleringane og vurderer dei ulempene ein er kjent med. Revisjonsdokumenta og fråsegnene til desse vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for å fastsetje reviderte vilkår. Det er NVE som har stilt krav som sikrar at revisjonsdokumenta held ein god nok kvalitet.

Dokumenta ligg på [www.nve.no](http://www.nve.no) og er kunngjort i Vest-Telemark blad, Varden og TA i tillegg til heimesidene til dei involverte kommunane. Seljord kommune har lagt dokumenta til gjennomsyn på biblioteket og i resepsjonen på kommunehuset.

Fristen for å sende inn høyringsuttale er 15.12.2016 til NVE. Seljord og Kviteseid kommunar har fått utsett høyringsfristen til 02.01.2017 for å ha tid etter kommunestyret til å få sendt saka vidare.

### **Prioriterte vassdrag:**

I rapport 49– 2013 *Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 –nasjonal gjennomgang og forslag til prioriteringer* frå NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) og MD (Miljødirektoratet), etter oppdrag frå Olje- og energidepartementet og dåverande Miljøverndepartementet, er Seljordsvassdraget sett i prioritet 1.1; dvs i høgaste prioritet.

Dette var gjort kjent rett før kommunane kravde at revisjonen vart opna.

Vi viser m.a. til s. 46-48 og på s. 105 i denne rapporten. På s.46 står det m.a.: "*Det er særleg forbedring av forholdene for fisk/fiske som er hovedbegrunnelsen for prioriteringen i flertallet i vassdragene.*"

### **Opning av revisjon:**

NVE gjorde vedtak hausten 2015 om revisjon av konsesjonsvilkår for Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet, jf. brev frå NVE datert 24.09.2015. Det skal altså gjennomførast ein vilkårsrevisjon i medhald av vassdragsreguleringslova. Revisjonssaka gjeld vilkåra for følgjande konsesjon: Kgl. res. av 05.07.1963: Sundsbarm kraftverk – Regulering og overføringar i Flatdalsvassdraget, Morgedalsvassdraget og Dalaåi/Oftevassdraget og Seljordsvatnet.

NVE skriv m.a. i brevet av 24.09.2015:

*"Vi viser til at hovedformålet med en revisjon er å bedre miljø- og naturforholdene ved å avbøte ulemper og negative virkninger ved utbyggingen. Bestemmelser i konsesjonen om høyeste og laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) samt overføringer kommer ikke inn under hva som kan revideres. Revisjonen åpner imidlertid for å vurdere endring i blant annet manøvreringspraksis, minstevannslipp, biotopjusterende tiltak og utsetting av fisk. NVE vil følge OEDs "Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragskonsesjoner" av 25.05.2012 i sin behandling."*

Vilkårsrevisjon har primært som mål å kompensere ulemper påført ålmenta ved vasskraftutbygging.

### **Kort historikk:**

Sundsbarm kraftverk fekk konsesjon for utbygging av Sundsbarmvatnet og vassdraga som naturleg høyrde til i kommunane Kviteseid, Seljord og Tøkke 5.juli 1963. Bø kommune fekk løyve til å regulere Seljordsvatnet 19.januar 1944. Etter 50 år er det høve til å opne vilkårsrevisjonen. I 2013 bad kommunane om at revisjonen vart opna, og det vart sendt inn eit krav om dette. Desse tre kommunane har teke på seg å representere ålmenne interesser.

Det var dåtidens vilkår og føresetnader som vart lagt til grunn i løyvet til konsesjonane og manøvreringsreglementet i 1963 og 1944 for desse sakene (jf. punkt 1 i resolusjonen).

Det er særleg punkt 13 og 15 i konsesjonen (betingelsene) for Sundsbarm kraftverk frå 5.juli 1963 som seier noko om pliktene til konsesjonæren både når det gjeld bygdefolkets interesser, vedlikehald av grunndammar (tersklar), omsyn til fiske, utsjånad og ferdsel, grunnvasstand og

vassforsyning, oppreinsk i elvefaret og mindre strandjusteringar, årleg utsetjing av yngel og/eller settefisk mfl.

Dessutan står det m.a. i pkt 15 at: "*Om departementet finner det nødvendig å foreta fiskeribiologiske undersøkelser i regulerings- og overføringsområdet, plikter konsesjonæren å bære utgiftene til disse undersøkelser.*"

### **Krava frå kommunane i 2013:**

Kommunane hadde hjelp av Faun Naturforvaltning AS ved Helge Kiland i prosessen fram til vi sende inn krav om opning av revisjonen hausten 2013. Etter mange folkemøte, stort engasjement og innspel i saka, vart krava frå kommunane til konsesjonær via NVE kort oppsummert slik:

- eit fond for fiske-, miljø- og friluftslivstiltak
- utbetring av tilkomst til og ferdsel langs Sandsetvatn og Sundsbarmvatn
- merking av skjer i Sundsbarmvatnet
- oppreinsking og tiltak mot attgroing, nye tersklar
- fiskeforbetrande tiltak, særleg med tanke på storauren
- endra inntaksarrangement i Sundsbarmvatn av omsyn til fisk i Vallaråi
- auka minstevassføring, målepunkta flyttast nærmare sleppstad
- magasinrestriksjonar i Sundsbarmvatn om sommaren, eventuelt manøvreringsreglement knytt til bruken av klappluka i Seljordsvatn

### **NINA-rapport 1233 Kunnskapsstatus og forslag til ferksvannsøkologisk undersøkelsesprogram i Vallaråi i Telemark ved Morten Kraabøl**

Denne rapporten som Seljord kommune kosta og fått utarbeidd, er sendt både til NVE og til Skagerak Energi/Sundsbarm kraftverk AS. Rapporten ligg som vedlegg i saka her.

I siste delen av samandraget til denne rapporten står det:

*Tiltaksplanene er imidlertid gjennomført uten at miljøbasert vannføring er vurdert, og de har derfor en begrenset verdi opp mot vilkårsrevisjonen. Tiltaksplanen bør derfor avventes til det innhentes et bredere kunnskapsgrunnlag, og den bør i tillegg ha en profil som i større grad er i samsvar med formålet med vilkårsrevisjoner. Følgende tema bør utredes nærmere: 1) Genetiske studier på ørret, 2) Miljøbasert vannføring og fysiske habitattiltak, 3) Økt storørretførende elvestrekning, 4) Bunndyrundersøkelser, 5) Diettundersøkelser hos ørret, 6) Prøvefiske i Seljordsvatnet og deltaområdet, 7) Potensialet for bedre sportsfiske i elv og innsjø, 8) Økonomiske ringvirkninger av storørretfiske og 9) Utrede andre ørretbestander i Seljordsvatnet. Samlet sett foreligger det en betydelig mengde kunnskap av både fiskefaglig og lokalhistorisk verdi i Vallaråi, Bygdaråi og Seljordsvatnet. Med bakgrunn i denne gjennomgangen av kunnskapsgrunnlaget settes det opp følgende hovedkonklusjoner:*

- *Kunnskapsgrunnlaget om fiskesamfunnet og livsmiljøet i de tilstøtende elvesystemene og Seljordsvatnet bør utvides i form av flere og bredere undersøkelser uten partiske føringer.*
- *Dagens gyte- og oppvekstområder for storørret i Vallaråi har fra naturens side en begrenset utstrekning og utnyttelsen av kraftpotensialet er preget av tekniske innretninger og forutsetninger som gir ustabile og begrensende livsvilkår for alle vannlevende organ-ismer (bunndyr og fisk).*

- Ved å etablere fiskepassasjer ved Lakshølfoss og andre vandringshindringer på elvestrekningen opp til Flatsjø vil den tilgjengelige elvestrekningen for gyting og oppvekst for storørret øke fra 1,7 km til ca. 6 km. Det har tidligere vært fisketrapp forbi Lakshølfoss, men det foreligger ingen konkrete opplysninger utover at den ble bygd av treverk.
- Eventuelle negative effekter som påføres fisk som følge av reguleringene ovenfor Lakshølfoss bør utredes.
- Etablering av fiskepassasjer ved to-tre vandringshindringer (fosser) fra Lakshølfossen og videre oppover vil medføre en betydelig engangsinvestering, men i mindre grad ved-varende løpende utgifter. Dette tiltaket vurderes derfor å være et godt alternativ til å gjennomføre omfattende endringer i driften av Sundsbarm kraftverk.
- Det anbefales at det videre arbeidet baseres på «Håndbok for miljødesign i regulerte vassdrag».
- Selv om denne er primært utarbeidet for laks så er den i all hovedsak direkte overførbart til storørret.

*Det foreslås følgende mandat for det videre faglige arbeidet med ferskvannsbiologiske undersøkelser i forbindelse med revisjonen av vilkårene for Sundsbarm kraftverk:*

*Opparbeide en bred økologisk kunnskapsstatus som er forankret i eksisterende faglig og lokal kunnskap om de berørte naturressurser, og som er tilstrekkelig til å foreslå tiltak som ivaretar og avklarer langsiktig levedyktighet og høstingspotensial for ørretbestander i Seljordsvatnet med tilhørende gyte- og oppvekstelter i Vallaråi, Bøelva og Bygdaråi.*

*For å unngå påvirkninger fra partsinteressene som inngår i en vilkårsrevisjon bør det opprettes en styringsgruppe som består av representanter fra regulanten, de allmenne interessene og forvaltningsmyndighetene.*

### **Klimaet i framtida:**

I den nylig framlagde klimaprofilen for Telemark frå oktober 2016 (utarbeidd m.a. av NVE, Meteorologisk institutt og fleire) er det venta at årsnedbøren i Telemark vil auke med 15 %; noko ulikt fordelt på årstidene. Regnflaumane er venta å bli større. I små elvar som reagerer raskt på regn, er det tilrådd med eit klimapåslag på minst 20 %. Tilrådd klimapåslag i Flatdøla og Bygdaråi i Seljord kommune, er + 20 %.

Det er viktig at konsesjonæren tek ansvar og følgjer opp utfordringane dei framtidige klimaendringane vil gje. For konsesjonæren vil meir nedbør kunne gje positiv effekt på større produksjon og meirinntekt i sal av kraft. Meir vatn bør også gje meir rom for pålegg om minstevassføring mm. I konsesjonsvilkåra er det i fleire punkt presisert det som gjeld pliktene og rettane konsesjonæren har for å ta omsyn til dyreliv, fiske, vedlikehald, bygdefolks interesser og ålmenne interesser, jf det som er nemnt tidlegare her i saka.

### **Vurdering:**

Utbygginga av Sundsbarm kraftverk og reguleringa av Seljordsvatnet vart gjennomført i ei tid då omsynet til natur og miljø og kunnskapen om dette, direkte og indirekte verknader av vassdragsreguleringar, var heilt annleis enn i dag. Dette ber også anlegga og områda rundt sterkt preg av. Under den vidare handsaminga av saka i NVE er dette viktig omsyn å ta med i vurderinga. Kommunane har næringsinteresser i form av kraftinntekter når det gjeld vilkårsrevisjonen, men dei har også interesser for at miljøet vert teke forsvarleg vare på i framtida.

Kraftutbygging som krev overføring og magasinering av vatn, bli handsama etter vassdragsreguleringslova også i dag. Reine elvekraftverk under 30-40 MW blir derimot handsama etter vassressurslova. Det er strenge krav til konsesjonæren i alle saker som har konsekvensar for vatn og vassdrag særleg når det gjeld miljøomsyn ved vassdragsreguleringar. Dette bør det takast omsyn til i samband med ein revisjon.

Det er viktig at ein tek utgangspunkt i forholda slik dei er i dag når det gjeld vurderinga av behovet for revisjon av konsesjonsvilkåra. Dei nye vilkåra vil gjelde for minst 30 år framover. I løpet av dei åra som har gått sidan Sundsbarm vart regulert har bruken av vassressursane endra seg, og det er viktig å ta høgde for framtidige endringar også. Då Sundsbarm vart regulert, var det fyrst og fremst for å skaffe straum til vinterforbruk. No ser ein etter kvart at reguleringsmønsteret endrar seg slik at magasinet også kan bli tappa ned midt på sommaren. Revisjonen skal fyrst og fremst vere ei modernisering av konsesjonsvilkåra. Dei konsesjonsvilkåra som vert sett i dag, varierer stort frå regulering til regulering, avhengig av dei enkelte naturinngrep og reguleringa si konfliktgrad med andre interesser. Typisk er det at reguleringsmagasin i område med høg menneskeleg aktivitet i mindre grad enn magasin i område utan slik aktivitet vert underlagt store reguleringshøgder eller store vasstandspendlingar.

Høyringsutkastet som er laga for Sundsbarmreguleringa er ikkje særleg godt pedagogisk skrive. Det er mykje mynta på fagfolk innan hydrologi. Vi meiner at det er ei stor svakheit i heile høyringssaka. Potensialet for opprusting og utviding skal kommenterast i revisjonsdokumentet. Det gjeld mellom anna eventuelle planar om å installere større kapasitet i kraftstasjonen; noko som kan føre til kraftigare endringar i vassføring i Vallaråi og tapping av Sundsbarm.

#### **Kommentarar til dei ulike punkta i kap. 10 i høyringsdokumentet til Sundsbarmreguleringa:**

I høyringsdokumentet for Sundsbarmreguleringa på side 52-57 er det konkludert med at *"utbyggingen ikke har ført til nevneverdige skader og/eller ulemper som ikke er ivaretatt gjennom vilkår/skjønn"*. Det blir òg vist til punkt 10.1 på s. 52 at vassdraget dessutan har vore regulert i lang tid, og *"reguleringene er blitt en tilvant situasjon for natur- og brukerinteresser"*. *Konsesjonærens vurdering av vilkår og en vurdering av innkomne krav*

Under pkt 10.1 skriv Skagerak kraft (SK):

*"SK anser generelt at dagens vilkår fungerer tilfredsstillende. Utbyggingen har ikke ført til nevneverdige skader og/eller ulemper som ikke er ivaretatt gjennom vilkår/skjønn."*

*Vassdraget har dessuten vært regulert i lang tid, og reguleringene er blitt en tilvant situasjon for natur- og brukerinteresser."* Ålmenne interesser var ikkje godt representert under vassdragsskjønna. Det var dei private interessene som eventuelt skulle ha kompensasjon.

Seljord kommune ser det som svært vanskeleg å vurdere om denne uttalen er rett. Vi meiner SK har teke for "lett" på dette. Dei burde ha skildra kva for ålmenne interesser som var tema i dei etterfølgjande vassdragsskjønna. Berre med det kan vi kommentere om uttalen til SK er rett. Vi ser det slik at SK burde ha gjort meir greie for dette slik at vi som høyringsinstans kunne vite kva dei meiner som gjeld ålmenne interesser.

Under pkt.10.2. *Vurdering av innkomne krav* er dette delt i 10.2.1 *Minstevannføring* og 10.2.2 *Magasinrestriksjoner og fyllingstidspunkt* .

#### Kommentarar til avsnittet om minstevassføring

Regulanten skriv at dei understrekar at minstevassføring er eit vilkår ein skal vere restriktiv med å innføre eller endre, og at *"det skal gjøres en konkret vurdering av hvilke fordeler som oppnås. Man må her også se hen til de etablerte og tilvante forhold i vassdraget. Eventuelle fordeler ved minstevannføring må deretter avveies mot konsekvensene både for konsesjonæren og landet"*

totalt, mht. produksjonstap med mer." Viser til NVE-rapport 49:2013 der det står at ein må rekne med eit krafttap på 5-20 GWh ved krav om minstevassføring.

Når det gjeld Dalaåi, Morgedalsåi/Morgedalstjønni og Ofteåi viser vi til høyringsinnspel frå Kviteseid og Tokke kommunar.

Seljord kommune meiner minstevassføringa i Grovåi, Valaåi, Flatdøla og Åmotsdalsåi må vere tema i denne revisjonen slik at det blir vurdert, jf brev frå NVE 24.09.2015. Det bør bli gjort ei ny undersøking for å sjå på minstevassføringa nedstraums dei store regulerte vatna; Sundsbarm og Sandset. Jf. Vassforvaltningsplanen for Viken vassregion og kravet i vassforskrifta om minst godt økologisk potensial (GØP) i slike vassførekomstar. Elvane har svært lita vassføring i visse periodar; noko som verken er fint å sjå på eller gjev gode tilhøve for fisk eller levande organismar.

Hensikta med vilkårsrevisjonen er å oppgradere vassdraga til dagens miljøstandard. I dag er minstevassføring pålagd. Det er viktig at område som har mista si vassføring pga. regulering eller bortfall av nedbørsområde, blir sett i stand for å dekke opp behovet for framtidig ålmenne interesser. Mindre vassføring er også ei regulering, og påverkar vassdraget. Opphoping av masse i elva og vegetasjon som etablerer seg på større areal i elveleiet, er ein direkte følge av mindre vassføring. Dette er ofte til hinder for at fisk skal kome opp elveleiet, og det er negativt for friluftslivet. I NVE sin rettleiar *Miljøtilsyn ved vassdragsanlegg*, side 83-85, "Elveløp med redusert vannføring" er endringane i vassdrag med redusert vassføring omtala. Denne viser også til anleggseigarar ansvar for drift og vedlikehald.

#### Kommentarar til avsnittet om magasinrestriksjonar og fyllingstidspunkt

Kommunane har i sitt krav bedt om at Sundsbarm skal vere fylt til minst kote 608 i tida 15.6.-1.9. (høgaste regulerte vasstand er 612,20 og lågaste regulerte vasstand er 574,20, reg.høgde på 38 m, der 18,6 m er senking). Dette vil gje meir stabil vasstand om sommaren slik at dei ålmenne interessene m.a. fiske og friluftsliv vert teke omsyn til. Eit nedtappa vassdrag vil sjølvsagt ta seg dårleg ut særleg i sommarmånadene når det gjerne er meir ferdsel i området. Vi er klar over at Sundsbarm også er viktig som flaumdemping, og vi er klar over at det framtidig klimaet gjev utfordringar med å produsere straum, ha eit flaumdempande magasin og samtidig ta omsyn til ålmenne interesser. Det å finne det beste skjeringspunktet her, vil vi framleis be om blir vurdert i denne revisjonen. Kommunen sitt krav er døme på det som Statkraft har kalla ein streng restriksjon. Ein mildare restriksjon er krav om at alt tilsig etter ein viss dato skal gå til oppfylling av magasinet. Då slepp regulanten å halde tilbake vatn for å sikre at han oppfyller fyllingskravet. Vi viser til krava om fyllingstidspunkt som er sett fram i revisjonen til Tokke/Vinje-vassdraget.

#### Økonomiske krav

Det er avgjerande og svært viktig for kommune at det blir oppretta eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fiske, miljø og friluftsliv. Tryte (abbor) og ørekyte har spreidd seg til Sundsbarm via overføringstunnelen frå Nystøylvatnet. Det var ikkje tryte i Sundsbarm før reguleringa. Tiltak mot tryte og anna fiskestell i kommunane må følgjast opp.

Uavhengig av om skadane ved reguleringa var venta eller ikkje venta på konsesjonstidspunktet, bør SK bli pålagt å gå nærmare gjennom skadeverknadene av Sundsbarmreguleringa.

#### Ferdsel

Tilgang til stiar og ferdselsveggar er å sjå på som ålmenne interesser for friluftslivet. Som ein kompensasjon for at reguleringa har øydelagt gamle stiar og ferdselsveggar langs Sandsetvatnet, meiner Seljord kommune at konsesjonæren har ansvar for at dei gamle kloppene på vestsida av

vatnet blir fornya og forlenga. Friluftsliv og folkehelse er svært aktuelt og attraktivt i dag. Vi meiner det difor er mindre motstand mot tilrettelagt ferdsel i naturen slik at ein også kan styre ferdsel på ein meir sikker måte.

På den tid då reguleringa vart gjort, var kommunane i stor grad ein-sidede jordbruksamfunn. Reiselivsnæringa har utvikla seg til å bli eit svært viktig næringsgrunnlag i Seljord og nabokommunane. Det er viktig del av sysselsettinga. Fundamentet for reiselivsnæringa er naturkvaliteten, særleg jakt, fiske og moglegheit for friluftsliv med tilrettelegging med merka turveggar og sikker ferdsel for folk i alle aldrar. Vassdraga og tilhøyrande magasin er viktige element i naturopplevingane som stadig fleire søker i vårt område. For kommunane blir det difor viktig i størst mogleg grad å foreine dei interessene som er knytt til vassdragsreguleringa med andre brukarinteresser i området.

Millionvegen langs Sundsbarmvatnet på austsida vart rettsleg gjeve til grunneigarane i 1973. SK har heile tida brukt vegen for å kome til vatnet og tunellen/inntaket i sørenden av Sundsbarm. Seljord kommune meiner at SK må ha ein beredskap på dette.

Det er nemnt i konsesjonen pkt 12 at konsesjonæren har visse plikter når det gjeld vegar, bruer og kaier. Før Seljord kommune sende inn kravet om å opne konsesjonen, fekk vi avklart med adv.firmaet Lund & co at oppgradering og vedlikehald av Millionvegen er av privatrettsleg interesse og dermed eit forhold mellom grunneigarar og konsesjonær. I konsesjonen var vegen meint å vere tiltaksveg for tømmertrafikken.

#### Skjer og grunnar

Det kan oppstå farlege situasjonar når dei som ferdest på vatnet ikkje veit kvar skjer og grunnane finst. Seljord kommune meiner det ikkje held å skrive at SK har fått laga draft/sjøkart. Arbeidet med å distribuere det og halde det vedlike/oppdatere dette, er konsesjonæren sitt ansvar.

#### Båtutsett

Utsetjing av båt kan ein definere som private interesser som skal vere gjort opp i tidlegare skjønn. Seljord kommune meiner, og det har vore forståing for i andre tidlegare revisjonssaker, at når det gjeld mange nok grunneigarar/brukarar vil dette gå under *ålmenne interesser*. Det bør absolutt kunne takast med i ei revisjonssak. Langs Sundsbarm er det vanskelege forhold når det gjeld utsetjing av båtar. Her har SK vore for lite samarbeidsvillige til å finne gode, funksjonelle og moderne måtar å løyse båtutslepp og lagring av båtar på.

#### Landskap

Det er tendens til erosjon langs strendene ved Sundsbarmvatnet. Med effektkøyring om sommaren går vatnet oftare ned og opp. Det er meir synleg med utvasking langs strendene. I vikar og bukter samlar det seg ein god del rekved som SK har ansvar for å rydde opp. Det må utførast jamleg tilsyn og vedlikehald i samråd med myndigheitene.

Fylkesmannen har heimel etter pkt 13 i eksisterande konsesjonsvilkår til å pålegge konsesjonæren oppreinsk med jamne mellomrom i elveløpa (på dei regulerte vassdraga). Det må utarbeidast langsiktige vedlikehaldsplanar slik at friluftsliv, fiske og anna aktivitet langs vassdraga kan finne stad.

Opphoping av masser i elveleiet og gjengroing er endringar i miljøet som det ikkje blei teke nok omsyn til når konsesjonen vart gjeven. Dette er svært viktig i tilfelle flaum når vatnet kan ta nye vegar.



### Fisk

Sjå også under økonomiske krav. Vi les her at regulanten er positiv til å gjennomføre tiltak innanfor rammene til standardvilkåra for fiske.

Fisk er eit kvalitetselement i vassdrag. Og det er viktig å gjere undersøkingar også når det gjeld botndyr som fisken beitar på. Både fisk og botndyr trivast mindre (i vekstsesongen) ved kaldare vatn noko som ein veit er tilfelle nedstraums utslepp frå kraftverka.

Det er eit krav at det vert brukt standardvilkår naturforvaltning når ein gjer tiltak her.

### Vallaråi

Vi er gjort merksame på at SK skal ferdigstille ein rapport frå Høgskolen i Sørøst-Noreg (tidl. Høgskolen i Telemark) om fiskeundersøkingar i Vallaråi 2017/18.

Målet må vere at Vallaråi vil vere sjølvproduserande for storauren slik at han kan gå opp i elva og finne gode og eigna gyteplassar. Men arbeidet som både er gjort av SK og Statens vegvesen i området har ikkje vore til gunst for storauren. Habitatforbetrande tiltak i sjølve elveløpet er i fyrste omgang mest realistisk. Det er tale om bunar og utlegging av stor stein mv. SK vil helst ha seinka åløpet ut i frå kraftstasjonen og ikkje ha tiltak som kan redusere farten på vatnet dei fyrste 500 metrane ned frå stasjonen. Eit anna aktuelt tiltak for å ta vare på storauren, er å få bygd ei fisketrapp slik at auren har ei god, og mykje lenger, strekning ovanfor Lakshølfossen. Det må også gjerast ein del tiltak på tersklane nedanfor og rundt Satajuvområdet slik at fisken kan gå lenger opp og finne eigna gyteplassar. Dette er eit tiltak som hastar dersom vi skal kunne ta vare på storaurestammen i Seljordsvatnet. Oppvekstområdet for storauren er i deltaet i Seljordsvatnet. Storaurestammen i Seljordsvassdraget vart vurdert som ein spesielt viktig storaurebestand, og verdien har difor blitt sett til *svært stor* (SS) i revisjonsrapport nr 49 -2013 som NVE har utarbeidd. Storaurebestanden i Seljordsvatnet med tilhøyrande gyteelvar, er vurdert til å vere ein klassisk storaurebestand med røter tilbake til avsmeltinga i istida, jf Morten Kraabøl, NINA. Storaurestammen skal handsamast på lik linje med laks. Det er strenge reglar for dette i vassdraga våre.

Fylkesmannen har heimel til å pålegge konsesjonæren å utføre tiltak. NVE har gjort fleire framstøyt overfor SK for å få utført tiltak i Vallaråi. Det har teke meir enn 10 år før det har skjedd noko.

Vassdraget (Vallaråi) vert skildra som eit *"vassdrag med stort potensial for forbedring av viktige miljøverdier, og med antatt lite eller moderat krafttap i forhold til forventet miljøgevinst."*

Effektkøyning er eit omgrep som vert brukt innan vassproduksjon. Det er er ikkje eintydig definert, men bakgrunnen er at kraftverk vert køyrt med høgare produksjon når kraftprisane er høge og vice versa. Dette inneber at kraftverka vert køyrt med raskare start og stopp enn naturlege hydrologiske prosessar, og at ein får hyppigare endringar enn naturleg. Slik effektkøyning av kraftverket kan føre til stranding og uttørking av rogn på nokre utsette gyteområde som vert tørrlagt heilt eller delvis ved låg vassføring.

Temperaturskilnadane i Vallaråi ved utløpet av kraftverket, oppstraums og nedstraums kraftverket, er eit minus. I vedlegg 8 til høyringsdokumentet er det vist til temperaturmålingar i åra 2008-2010. Vi meiner dette er gamle og lite dokumenterte målingar når det gjeld temperatur. Det må kome krav frå NVE til SK om logging av temperaturen på fleire stasjonar ned igjennom elva heilt til Bjørgesanden. Mykje effektkøyning kan gje betydelege lågare gjennomsnittlege temperaturar i vekstsesongen for aure. Det blir i vedlegg 8 konkludert m.a. med at: *Tiltak for å øke veksthastighet til ørretungene er å heve vanntemperaturen i vekstsesongen.*

Her blir det også peika på, slik også M. Kraabøl har med som eit tiltak i framtidig løysing, at for å oppnå høgare vass temperatur i vekstsesongen, så må ein:

- endre manøvreringsreglementet for vassføringa av kraftverket
- endre vassinntaket i Sundsbarmmagasinet slik at det vert tappa overflatevatn (som har høgare temperatur)

Det vert også vist til Elliot i 1994 som meiner at vass temperatur er den viktigaste faktoren som avgjer vekst hjå aure i tillegg til næringstilgang.

Ei anna ulempe med skiftande temperatur særleg sommarstid, er badeforholda i Seljordsvatnet. Dette er svært ugunstig og ei ålmenn interesse som råkar både innbyggjarar og turistar.

#### Kivleåi

Biotopforbetrande tiltak i Kivleåi vert sett på i samanheng med Vallåi (over). Minstevassføring gjeld også i denne elva, jf brevet frå NVE 24.09.2015.

#### Lausmassetersklar i Manddalsåi, Åmotsdalsåi og Flatdøla

Vi står fast på kravet om at NVE må gjennomføre synfaring og eventuelt kome med pålegg om tiltak på tersklane. Tersklar må vere tilpassa fisken sine behov slik at dei kan vandre og ha gytemoglegheiter i elva/bekken.

Generelt vil vi peike på at målepunktet må vere ved oppdemminga eller så nær oppdemminga som mogleg slik at det ikkje er tvil om måling av minstevassføringa.

#### **Kommentarar til høyringsdokumentet for reguleringa av Seljordsvatnet:**

Konsesjonen/løyyvet i Seljordsvatnet gjeld ei seinking av vatnet med 1,0 m med eit magasin på ca 9 mill. m<sup>3</sup>. Seinkingsarbeidet som vart utført, gjev berre moglegheit for ca 0,5 m regulering; sjølv om det er det opphavlege løyyvet som framleis gjeld og med det reglementet som vart fastsett då. Det heiter at: *"formålet med reguleringen var primært å sikre et jevnere vintertilløp til Oterholt kraftverk som Bø Elektrisitetsverk eide."*

Betydinga av magasinet vart endra etter at Sundsbarmreguleringa vart sett i drift i 1970. Seljordsvatnet, som magasin, har i dag ein viktig funksjon som buffer for å oppretthalde minstevassføringa i Bøelva; noko som Sundsbarm kraftverk og Bø kommune gjorde avtale om i 1983.

Klappluka ved Hagadrag ytterst i elva nedstraums Seljordsvatnet fungerer ved låg vasstand; ikkje ved flaum. Formen i enden av Seljordsvatnet er med på å stuve opp vatnet. Rundt Seljordsvatnet er det mange campingplassar som er utsett for flaum. Her er fleire omsyn å ta. Dersom utløpet av Seljordsvatnet vert gjort større, vil meir vatn renne ut av vatnet og føre til store problem i Bø, Sauherad, Nome og Skien; nedstraums Seljordsvatnet. Desse kommunane er opptekne av mengde vatn som vert sleppt frå Seljordsvatnet. I Bø er det ca 2000 daa fulldyrka jord som er utsett for flaum.

Som nemnt i kravs brevet frå kommunane, meiner vi det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.

Det er likeeins viktig at internkontrollen til Sundsbarm kraftverk som gjeld klappluka ved Hagadrag fungerer optimalt.

Kommunane går ut frå at NVE gjerne saman med fylkesmannen, konsesjonæren og kommunane vil gjennomføre ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og

Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

### **Rådmannen si tilråding:**

1. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
2. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
3. Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
4. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
5. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

### **Handsaming i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016**

Avrøysting: Samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Plan, miljø og teknisk utval - 30.11.2016**

1. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
2. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
3. Konsesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
4. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
5. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

## Handsaming i Kommunestyret - 15.12.2016

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### Vedtak i Kommunestyret - 15.12.2016

1. Seljord kommune ber om at kommentarane som er gjeve i saka blir tekne med i revisjonen av konsesjonen til Sundsbarmreguleringa og reguleringa av Seljordsvatnet.
2. Seljord kommune ber særleg om at NVE tek utgangspunkt i NINA-rapport 1233 om kunnskapsstatus og forslag til ferskvassøkologisk undersøkingsprogram i Vallaråi. For å unngå påverknader frå partsinteressene som inngår i ein vilkårsrevisjon bør det opprettast ei styringsgruppe som består av representantar frå regulanten, dei ålmenne interessene og forvaltningsmyndigheitene.
3. Konesjonæren må opprette eit fond til avbøtande tiltak til fordel for fisk, miljø og friluftsliv. Fondet må fordelast til kvar kommune og skal vera til avbøtande tiltak for dei skader og ulemper reguleringa har på miljøet og friluftslivet.
4. Det er viktig å få gjort ei god og grundig hydrologisk vurdering av utløpet til Seljordsvatnet.
5. Kommunen ber om at NVE saman med fylkesmannen, konsesjonæren og dei involverte kommunane gjennomfører ei synfaring i heile det aktuelle området (Sundsbarmreguleringa og Seljordsvatnet) som eit ledd i sakshandsaminga i denne revisjonssaka. Det vil styrke saka å gjere ei synfaring i terrenget for å få det beste inntrykket av forholda i dag.

Utskrift til:

NVE

Fylkesmannen i Telemark

Skagerak Energi AS

Midtre Telemark vassområde

Kviteseid kommune

Tokke kommune

Seljordsvatnet grunneigarlag